



Kjetil Arne Frøysa
Eidavegen 221
5993 ØSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16721 - 20/68368

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
28.10.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 238/6 Eknes indre

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 238/6
Tiltakshavar: Kjetil Arne Frøysa

Alver kommune har den 07.10.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 14.09.2020 vart registrert stor lekkasje i septiktanken på eigedommen din, med adresse Eidavegen 221, 5993 Ostereidet. Norva24 AS melder om at det var ingenting å tømme og at begge kammer var tomme. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til (sett inn dato).

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg/dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Kjetil Arne Frøysa

Eidavegen 221

5993

OSTEREIDET